

- Ikkje så vanskeleg heller

Amalie Habbestad på ni år skal spela rolla som fattigjenta Cosette. Ho gler seg. – Har det vore mykje å læra seg utanåt?

-Nei, ikkje så veldig, men litt. Eg har sunge teksten, og pappa og dei høyrte. Det var ikkje så gale. Og så har eg vore med på andre forestillingar før, så eg visste litt, seier Amalie. Cosette er ei av hovudrollene i musikalen, og Amalie spelar den unge Cosette. – Eg har vore med i fleire musikalar før, Jesus Christ Superstar, Disney og Tre juleeventyr. Det er pappa som har meldt meg på, og eg synst det er kjempekjekt, seier Amalie.

Ho synest ikkje det gjer noko å ha sommarferie i Moster Amfi. – Me har nettopp fått tvillingar, så me hadde ikkje kunna reisa så langt likevel, seier ho veslevaksent.